

Kyrkjeblad for Vestre Slidre



Foto: Marit Skredgård



Rekkje 1 fra venstre: Marte Hambro Haugland, Andrine Sørensen, Sokneprest Ola Døhl,
Anita Hakkebo Dokkehauge, Marit Snortheimsmoen.

Rekkje 2 fra venstre: Kristin Berge, Karoline Røn, Solveig Kvale Bakke, Sara Ingebjørg Sørensen,
Mali Strømmen Bakken.

3. rekke fra venstre: Sandra Berg, Kari Øye, Thea Snortheimsmoen, Hedda Holden.

4. rekke fra venstre: Ivar Ulven, Ole Ingard Goin Svanheld, Kyan Nathanael Roos, Simen Hagene.

5. rekke fra venstre: Arne Vidvei Ildjarnstad, Trygve Bergsbakken, Ørjan Svanheld, Håkon Garvik.
Malin Johanne Goin Svanheld var ikkje tilstades.



Sjå liljene på marka!

**Ei helsing
frå nyprosten
i Valdres**



Carl Philip gleder seg over blømende enger i prestegardshagen i Vang.

Under eit gamalt lerketre i prestegardshagen i Vang blømer forgløymmegei lyseblått utover sommaren. Når eg slår plenen, klyppar eg alltid utanom blomane til dei på det nærmeste er avblomstra. Kvar og ein av dei er så små, men når det blir mange så skin det blått nesten som om ein bit av himmelen er å finne nede i graset. Når eg går ein ettermiddagstur i hagen, bøyar eg meg ned og ser kor vakker kvar og ein av dei er. Eg kjem på orda til Jesus i «bergpreika»

Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei strevar ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk; ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei.

Forgløymmegei er ikkje liljer, men dei understrekar nok noko av det Jesus ville seie. Sjå kor vakre dei er, sjølv om dei ikkje gjer noko for å oppnå venleiken sin. Så samanliknar han med den største kongen som folket nokon gong hadde hatt. Kong Salomo hadde store mengder gull. Sølv var like vanleg i Jerusalem som gråstein, står det i Krønikebøkene. Tempel og herskapeleg bustad, fine klede og mykje rikdom hadde han. Kong Salomo var representant for uoppnåelege draumar til alle tider.

Folka som samla seg rundt Jesus var alt anna enn rike. Jesus oppmoda ikkje til å gå for uoppnåelege draumar om makt og rikdom, men peika på det som var heilt nære og tilgjengeleg. Dei som hørde han kunne berre sjå seg rundt. Der var blomane som

ikkje bekymra seg for korleis dei såg ut, og fuglane som kvitra utan å bekymre seg for kva dei skulle ete.

Eg tenkjer at mange av oss kan ha det med å ønskje at vi var ein annan stad, gjorde noko anna enn vi gjer, ja tenkje at det viktige i verda ikkje skjer her på våre heimplassar. For meg er Jesu ord ei konkret påminning om ikkje å tru at alt stort og viktig skjer langt borte på dei stadar som får mykje merksemd i media. Det viktige er her kor vi er. Her er venleiken, og her har vi høve til å utrette noko. I same preika som Jesus peika på fuglane og blomane, tala han om å elske fiendar, snu det andre kinnet til, skapa fred, elska nesten sin, vera salt og ljós i veda, og meir til. Det er der vi bur og lever at vi kan sette desse orda om i handling, og det er der Gud kan vise sin omsut for oss.

Prestegarden i Vang har aldri vore ein hage med mykje framande prydblomar. Men når graset har fått stå uslått til over jonsok, har det blitt rom for frodige enger med ei mengde med markblomar i alle fargar. Eg håpar kyrkja kan fremje fargerikdom blant menneska som hører til i bygdene våre. Tenk om vakre naturenger kunne bli bilete på ei kyrkje som gjev rom for menneskeleg bløming og mogning. Då kan vi oppleve Guds nærvær og hans blikk for den enkle venleik som kvart menneske representerer.

Carl Philip Weisser

Den veivisende Guds mor

Da kirkeklokkene ringte inn til messe i pinsen, fikk kyrkjelyden, i den gamle Mariakirken i Slidre, for første gang beundre sitt nye ikon, «Den Veivisende Guds mor» eller *Hodegetria* som det heter på gresk. I bysantinsk stil har den svenske ikonmaleren Robin Johansson malt Gudefødersken og hennes sønn med kunstnerisk møysommelighet og etter en urgammel tradisjon. Ikonet viser oss Maria pekende på sin sønn Jesus Kristus. Hun viser oss veien til Livet. Maria blir her et vitne, en veiviser og et forbilde til etterfølgelse.

På flere av mine reiser nedover i Europa har jeg ofte blitt overveldet av de mange vakre ikoner som pryder kirkene. Vi finner dem overalt i kirkrommet, foran alteret, på veggene, på ikonostasen i de ortodokse kirkene, i taket og på lesepultene. De kan være malt på en treplate, eller på en vegg som en freske, eller de kan være dekket med mosaikk. De finnes i mange ulike varianter.

Det gjør sterkt inntrykk når man ser troende mennesker står og ber foran ikonene, tener lys, korser seg, kysser dem og bøyer seg til gulvet i vørdrnad, aktelse og respekt. Her finner vi en spiritualitet som har satt seg i kroppen, – en åndelighet som ikke bare er for det indre og usynlige mennesket.

For mange ortodokse troende er det umulig å leve uten ikoner. Når de ber, retter de sine bønner imot dem. De aller fleste har gjerne et ikonhjørne i hjemmet hvor man ber sine daglige bønner. Det første og siste man gjør for dagen, er å bøye seg i ærbødighet for ikonene og kyss dem. Så konkret og så enkel kan troen være.

Gjennom de siste fem-seks årene har Cecilie og jeg anskaffet oss flere ikoner. De pryder presteboligen og vitner alle om Guds storhet. Gjennom dem er det som om himmelriket kommer oss nærmere. Som små vinduer inn i Guds kongerike henger de der og «forkynner ordløst det Ordet kommuniserer via hørselen», jfr. Basilleios av Caesarea på 300-tallet. Ikonene er for øyet, hva Guds ord er for øret. De er hellige bilder, skapt for bruk i bønn og gudstjenesteliv og bærer vitnesbyrd om kirkens tro og lære. Ikonene konkretiserer og manifesterer nærværet av den som er avbildet. Derfor er de ikke bilder i vanlig forstand, men hellige avbildninger som følger kirkens mangehundreårige tradisjon for et visst åndelig siktemål.

Men hva da med bildetforbuddet i Det gamle testamentet, hvor det står at vi ikke skal gjøre oss noe bilde av Gud? I Kristus oppheves dette, for i Jesus Kristus finner vi selv avbildet av Gud. Jesus er «den usynlige Guds ikon (bilde)» (Kol 1.13). «Den som har sett meg, har sett Faderen», sier Jesus i Johannesevangeliet (14.9). Derfor krenker ikke ikonet bildetforbuddet. I Kristus Jesus har vi fått et levende ikon.

Peter Halldorf skriver i sin bok, Duften av det hellige, «Nett-



Her er det ferdige ikonet

opp fordi Gud er usynlig og ikke kan avbildes, blir dette at han er blitt menneske den hendelse som gjør det mulig å avbilde ham.» Han skriver videre: «Den Usynlige er blitt synlig! Det skjulte har avdekket sitt ansikt. Gud som er ånd og uten form, har gitt seg en kropp og forenet seg med materien. I lys av denne bekjennelse males og æres ikoner. Troen på at det er sant at Gud er blitt menneske – inkarnasjonen – danner utgangspunkt for alt i kirkens tro og bønn. For dette er ikonet et symbol».

Et ikon er med andre ord et hellig bilde. Dette er arven vi har fra den udelte kirke, som også tilhører oss Lutheranere. Gjennom ikonene kommer evangeliefortellingene tettere på oss.

I dag kjenner jeg meg takknemlig for at Slidredomen igjen har fått et synlig Mariaikon. Måtte vi alle vise det vørdrnad i framtidens. Kanskje vil også vi med tiden lære oss å bøye oss for det hellige og for ikonene. Jeg tror mange bærer i seg en lengsel etter det himmelske. Så er det mitt håp at Mariakirkens nye ikon bringer oss alle nærmere det hellige mysterium.

Ikonet i Slidredomen er malt av den svenske teologen Robin Johansson. På Antoniosgården, en liten spirende økumenisk retreat på Kållandsö i den sørlige delen av Väneren, har han sitt atelier. Her ble også vårt ikon malt mellom gudstjenesteliv og tidebønner, slik som i et kloster.

På et av bildene ser dere Robin i ferd med å male det ikonet som nå henger i Slidredomen. Det andre bildet viser det ferdigmalte ikonet.



Her ser dere Robin Johansson og ikonet under bearbeidelse.

Ola

Ånden som ferskvare – et møte med Peter Halldorf

Jeg har opplevd ham før. På Areopagos stevne: «Salig er tørsten». Da var han langt borte, i en stor sal. Nå kommer han tettere på, ja, vi har ham nesten for oss selv, på vårt lille sted på jorden, nemlig i «Øvre Plassen»!

Ola har bedt ham like til Slidre, til alt overmål har han også, på eget initiativ, invitert alle prestene i Toten, Hadeland, Land og Valdres til å komme å høre han. Mange kommer og lar seg inspirere av denne vennlige, vise, ydmyke mannen med det gode blikket. Og han har mye å si oss.

Han sitter under Hjortebildet (eller er det rådyr?) i Plassen, i sokkelesten, kledd i sort og med et stort kors på brystet, i fall vi skulle være i tvil.- På bordet brenner et lys ved siden av Rubljovs treenighetsikon. Han snakker sammenhengende uten manus i to omganger, en drøy time hver gang, etterfulgt av en sekvens der han er åpen for spørsmål fra lytterne. Og lyttere, ja det blir vi fort: Når Visdom taler er det faktisk lett å følge med! Det er som om vi sammen med den som taler lengter ordene fram, som om hørselen vår blir annerledes og gir oss en dypere lytting enn den vi ellers er vant med.

Denne mannen kan kunsten å holde foredrag, sier noen, og så helt uten manuskript? Ja, mon om det er det hele?


Jo, han har nok gjort det før, han har nok forberedt seg, har nok lagt en viss regi, men så er det dette som kommer i tillegg da. Vil det spille med, og vil han klare å ta i mot hjelp til å åpne ordene, i stedet for å lukke dem, slik at de kan bli som nye for oss? Ånden er ferskvare, som han selv sier senere i sitt foredrag.

Og talen hans er langsom. Det er ganske riktig som om han venter på ordene, og som om ordene venter på ham. Og det er som om vi kan fornemme noe som kommer til innimellom, i form av en enda dypere, mer fortsettet og hørbar Stillhet. Da er det som om han holder inne en stund, som for å la det virke mellom oss.- Så kan han gå videre.

LØFT DERES HJERTER

Hva snakker han om egentlig? Om å løfte hjertet. Løfte det åpent og mottagende fram som et takknemlig instrument Gud og evigheten kan spille på. Eller enda mer: Ernære. Han snakker om å la bekymringer ligge, og komme «hit opp», som han sier. Om å gjøre gudstjeneste til himmel på jord.

Han snakker om en Visjon som må levendegjøres i gudstjenesten, og at det er i denne felles, levende Visjonen vi sammen med hverandre, Gud, englene, de hellige, alle som er gått føre, ja hele Guds skapning, kan få det til. Han snakker om Kirken som de døptes kirke. Om Gud som skaper den første hviledag etter sitt arbeid med å skape verden og menneskene, men at det ikke er den hviledagen vi hovedsaklig feirer i messen.



Han snakker om en 8. dag (!) som i og med Kristi oppstandelse er «oppgått i evigheten», som han sier. At det er den vi feirer søndag etter søndag. Og at vi altså ikke er alene i den feiringen. Det skjer på en måte en tidsforskyving, når vi holder gudstjeneste, sier han. Som mennesker er vi jo bevisst tiden og rommet, i motsetning til dyr som er bevisst sitt revir, men i gudstjenesten trer vi på en måte ut av tiden og feirer sammen med dem som allerede er befridd! Han nevner en opplevelse han har hatt i den koptiske kirken, der en munk for første gang tar ham med til dette «større rom» i en menighet han besøker. «Han tok oss med like inn i paradis,» utbryter han.

DØDEN SOM IKKE LENGER FINNES

I vårt sekulære samfunn har vi så lett for å tenke på døden som den rent biologiske død. Men det er jo ikke den som er den egentlige død. Døden fins ikke lenger etter Kristi påske! De samme kreftene som reiste Kristus opp den første påskedag, skal også reise oss opp. Gjennom dåpen er vi blitt podet inn i den oppstandne, ja, det nye mennesket blir til 8. dagen, sier han og smiler. Dette er de døptes kirke!

PANIS ANGELICUS

Han snakker om det hellige måltid som det som skaper kirken. At hele liturgien er en forberedelse til å motta nattverden og at alt vi tror på fins i denne handling. At man der får røre ved det hellige i en sammenheng vi alle er fortrolig med: mat og drikke: her som brød og vin. En visjon i det enkle, men som innehar et mysterium: Nattverden, som Jesus innstifter skjærtorsdag, og som egentlig hører

nesten tidsalder til, som er «Guds rike»! Brødunderet han snakker om som har fulgt Profetene gjennom hele det gamle testamentet som en bekrefstelse på deres profesjon, men som først Jesus sier ja til selv å forvandler til.

Når blir vin og brød, legeme og blod, spør han. Under hele liturgien, svarer han selv. Kirke er feiring! Vi feirer Kristi død og oppstandelse. Nærværende og nå. Ikke som et minne. Det er derfor vi bruker presens. Det blir som å fortelle en hvilken som helst annen profan historie, å si at for to tusen år siden fødte Maria Jesus! Vel feirer vi en hendelse i fortiden, men vi trår ut av tiden når vi sier I DAG fødte hun ham. Da er vi allerede i kontakt med noe større. Man kan nok forsøke å melde seg ut av kirken, men på denne måten kan man altså ikke dø ut av den, for Gudstjenesten feirer jord og himmel sammen! At amen er det viktigste ordet i gudstjenesten, skjønner vi nå: Det betyr: La det skje.

Derfor er ikke gudstjenesten kultus. Det er feiring! Og i blikket til menneskene ser man at det har hendt noe under en slik gudstjeneste! Og vi feirer hver eneste gudstjeneste for hele verdens skyld, avslutter han og er glad.

Dette og mye mer sier han og åpner for en spørrerunde.

EN FORSIKTIG BEGYNNELSE

Stillheten rår. Han har berørt kallet i oss. Vi kjenner at han råker et evangelium vi elsker, der på bunnen. Og det er så godt å få vekket det til live! Det er så lenge siden noen har talt slik....

Noen gode spørsmål kommer. Men det er som de nok også rommer det store og smertelige spørsmålet: hvordan kan den opplevelse Peter nå har gitt oss, legges ut og prøves i vår kirkehverdag?

Vi må begynne med oss selv, sier han. Så noen få som finner sammen. Dette følger ikke familier, sier Peter, det er venner som finner sammen på denne måten og skaper nye fellesskap, en ny familie. Ikke blodsbånd denne gang, tenker jeg og husker skriftsordet: «Se, jeg skaper noe nytt. Merker dere det ikke?»



Under middagen fornemmer jeg en smule frustrasjon. Det er slett ikke uvanlig at man i den brede, inkluderende, men også noe dennesidige folkekirka, kan ha en kirkevirkelighet der hjemme, hvis rådende holdning i menigheten man i hovedsak kan oppsummere slik: »Det viktigste med gudstjenesten er at den slutter presis!»

Da er det ikke rart om man som prest i en sort stund kan falle for fristelsen til å åpne for spørsmålet i seg selv: Er det greit å ikke ha nattverd siden det tar så lang tid, og hva tror du Peter Halldorf: er det greit om jeg bare peker på den?

Trine Geicke Kolbjørnshus

Sidealtar

No har Slidredomen som i si tid vart vigd til jomfru Maria, fått eit sidealtar som på mellomaldersk vis tek oss i mot straks vi kjem innom murane. Det står i norddøra, i den gamle kvinneinngangen, og har no også fått eit vakkert Mariaikon over seg. Vi vil ved seinare høve markere denne hendinga, men allereie no vil vi nemne at altarbordet er laga av Nils Olav Tilden, og at ikonet er måla på ekte ikonvis i Sverige av ikonmålar Robin Johansson. To benker og tilhøyrande omnar er fjerna, og gjev ein open plass der ein kan samlast til tidebøn til dømes, ha konfirmantsamlingar, eller andre samlingar der det ikkje er så mykje folk. Kvar gudsteneste er nattverd-elementa på plass på alterbordet der før gudstenesta, og vakkert har det vorte! Takk til soknerådet som har gjeve folket i Vestre Slidre ei slik verdfull gåve!

Så får Du med, taka turen innom, om du hører til Slidre eller ikkje, ein sundag kl. 11.00 t.d, eller ved Vesperen ein kveld, og helse på «Gudefødersken» og son hennar som har kome attende til Mariakyrkja si, nokre hundre år seinare...

Dugnad og samtale med tre av årets konfirmantar

Tirsdag 10. mai var det dugnad på kyrkjegården ved Slidredomen.

Etter dugnaden fekk vi ein samtale med Kristin, Marit og Arne om konfirmasjonstida. Dei syntes alle dei hadde hatt ei fin tid, og dei var einige om at konfirmasjonsleiren i Kragerø var det dei likte best. Der var dei ei veke i sommarferien i fjor, og det var starten på konfirmasjons-tida.

Dei fortel at dei vart så godt kjende med kvarandre den veka dei var i Kragerø. Dei vart også kjende med ungdommar frå andre skular.

– Det var veldig moro, fortel Kristin, det var ikkje berre bibellesing, det var som ein leirskule, og ein kunne vere kristen utan å vise det så mykje, hele tida.

Dagen starta med ei morgonsamling med bibellesing og bøn – utover dagen var det forskjellige aktivitetar.

– Det var mykje bading – og så var det mykje fritt – vi fekk også gå til byen, fortel Arne.

Marit fortel at ein del av konfirmantane har vore på eit gjensynstrekk ei helg i Fåberg – Der var det veldig hyggelig å treffen att dei vi møtte i Kragerø, seier ho.

Frå hausten i fjor og fram til denne dagen i mai har dei hatt samlingar med presten. Ola Døhl, ein gong i månaden anten i Olbergsalen eller i Slidredomen.

– Då har vi vore gjennom forskjellige tema. Vi har lært mykje om kristendomen, om Gud og Jesus. Ein del kunne vi frå før, men vi har også lært ein del nytt, og så har vi gått djupare inn i temaene. Vi har også lært mykje om oss sjølve; Kven er eg, korleis er eg, er eg sjenerert eller er eg meir frampå? Ola viste oss ein sirkel i power point med fleire punkt vi kunne studere for å finne ut meir om oss sjølve.

Vi har også vore med på den årlege Fasteaksjonen, og mange gudstenester – vi skal helst delta i 12 gudstenester, då er sjølve konfirmasjonsmessa med også, og så skal vi



Dugnad på kyrkjegården ved Slidredomen.

vere minestrantar ein tre, fire gonger – då er vi hjelparar for presten, og er også med og går i prosesjon. Etter gudstenestene må vi fylle ut eit ark med spørsmål om kva messa handla om og kva vi like beste t.d. av salmar o.a.

På spørsmål om dei gleder seg til konfirmasjonsdagen er svaret eit einstemmig ja. – Det er ei stor hending i livet der vi er samla med familie og venner, og så går vi inn i dei vaksne sine rekker, seier dei.

Dei fortel også at dei gruer seg litt til talene folk skal halde, og ikkje minst til takketalen dei har tenkt dei sjølv skal halde. Dei gruer seg også litt til å vere midtpunktet heile dagen.


Betyr gavene mykje, spør vi. – Eigentleg ikkje så mykje for meg, seier Marit, men litt. Kristin og Arne er einige i det; det betyr litt.

Dei ønsker seg fint ver på dagen, men det viktigaste seier dei, er at vi har det bra saman alle.

Og til slutt – kvifor vil de konfirmere dykk?

– Når eg er døypt, meiner eg at eg også skal bli konfirmert i kyrkja, seier Arne. Marit er einig. – Eg føler det er rett for meg, fordi eg er døypt i kyrkja, seier ho. Eg har aldri tenkt noko anna – borgarleg har aldri vore noko alternativ – alle konfirmerer seg i kyrkja, seier Kristin.

Vi takkar dei tre for ein fin samtale. For nokon flotte ungdommar, tenker vi, og så reflekterte!



Kristin, Marit og Arne.



Tårnagenthelg 11.-12. mars

Ei helg i året inviterer kyrkjer i heile landet årets 8-åringar for at dei skal lære meir om kyrkjebygget og kyrkja sine symbol. Slidredomen, som 8-åringane i Vestre Slidre vert inviterte til, er veldig gamal og har diførre både lengre historie og fleire symbol enn yngre kyrkjer har.

Tårnagenthelga i år gjekk av stabelen 11.-12. mars, og laurdag formiddag møtte 17 forventningsfulle gutter og jenter opp i kyrkja. Borna gjekk i labyrinth, løyste oppgåver i grupper, song av full hals og besøkte sjølvsagt kyrkjetårnet! Skattejakt fekk dei også tid til, og i skattekista vanka det både cd og sjokolademetalje til alle. På gudstenesta syndag presenterte nokre av borna plansjar med fakta om kva dei hadde lært om kyrkja dagen før.

8-åringane vi snakka med etterpå; Magnus Lauvhaug, Ola Kvamme Nygard, Hilde Hippe Bergheim og Håkon Hippe Bergheim frå Røn hadde ein kjempefin og morosam dag! Det var fint å vere i saman med vene og treffen dei frå Slidre. Å leite etter lam, gå på skattejakt, syngle og få agentbevis var morosamt alt i sammen, men på spørsmålet om kva som



var det mest spanande i helga svara alle Kyrkjetårnet! Det var mørkt, høgt og litt skummelt, og utfordrande sidan ein ikkje kunne trø alle stadar. Caroline Synvis hadde ansvar for opplegget, og med god hjelp av fleire foreldre og soknerådsmedlemmer som «Englevakter» laga dei ei minnerik helg for alle barna som var der.



Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos: **Lomen:** Lomen Auto, soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Lena Maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusoplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos: **Lomen:** Joker Ryfoss, soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

Våpenskjoldet i Slidredomen

Veggane innvendig i Slidredomen var i romersk-katolsk tid rikt dekorerte. Dette vart etter reformasjonen gøymt då veggane vart kvitkalka. I nyare tid har ein fått fram att ein del av dekorasjonane m.a. eit våpenskjold, det er eir riddarvåpen frå midt på 1300-talet. Slik vart riddarvåpenet skildra: «I skjoldet et sjøblad innenfor en svevende tunget

sølvbord omgitt av en sort bord; på hjelmen en liggende rist besatt med en todelt fjærbusk i rødt og hvitt». Våpenet vender seg mot «heraldisk venstre», mot koret i kyrkja. Våpenskjoldet er ikkje kjent i norske kjelder, og ein veit ikkje kva for slekt våpenet tilhører.

Dette står i boka «Slidredomen 800 år».



Ei av oppgåvene andreklassingane fekk tårnagenthelga var å finne att kommunevåpenet i kyrkja.



Kommunevåpenet for Vestre Slidre er eit middelaldersk våpenskjold som er avdekk på nordveggen i Slidredomen.

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er opent: måndag, onsdag og torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00, tysdag kl. 12.00 – 15.00.

Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepresten@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb
Elisabeth Myhre	61345095 90591761	Kyrkjeverje
Eldbjørg Myrvang Wiknes	61345098 45202615	Kontorfullmektig Diakonimedarbeidar Klokkar i Lomen sokn. Klokkar i Slidre sokn
Are Alund	99734175	Kantor
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn sokn
Trine Geicke Kolbjørnshus	41201165	Klokkar i Slidre sokn
Odd Kolbjørnshus	91754905	Kyrkjetenar i Slidre sokn
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn sokn. Røn og Øyjar Kyrkjetenar i Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre. Reinhaldar i alle sokna
Nils Einar Ormestad	90178983	Ringjar i Slidre
Caroline Synvis	93097190	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje Trusoplærar

3. klasse vitja Slidredomen

I KRLE-faget har elevane i 3. klasse ved Slidre skule lært om kyrkjebygg i ulike religionar; synagoge, moskè, tempel og kyrkje.

Med Slidredomen i gangavstand frå skulen hadde vi lyst til å sjå kyrkja innvendig, etter at vi hadde lært om kyrkja vår. Vi avtala dag med Elisabeth Myhre, slik at ho kunne bli med og fortelje og svare på spørsmål frå elevane. Saman med kontaktlærarane Edith Helle og Bjørg Heggom gjekk elevane bort i kyrkja. Læraren i KRLE, Marit Røvang var også med.

Det var strålende sol denne dagen, så vi kunne sitje på trappa og skue utover kyrkjegarden og sjå stupulen på andre sida av vegen.

Elevane hugste mykje av av det vi hadde prata om og kunne spørje, for å lære endå meir.

I etterkant av kyrkjesøket repeterte vi det vi hadde lært og elevane fekk skrive ned faktasetningar på kvart sitt ark:

- Slidredomen er ikkje berre den eldste og største kyrkja i Valdres. Ho er også den gamle hovedkyrkja for dalføret.
- Kyrkja vår er frå mellomalderen og vart vigsla til Jomfru Maria.
- Ho er bygd av store steinblokker, brote ut av Ravneberget på vestsida av Slidrefjorden. Dette skjedde om vinteren og steinblokkene vart frakta med hest og slede over isen på fjorden.
- Inngangen til kyrkja er på sørsida.
- Før var det inngangsdør på nordsida av kyrkja. Der gjekk kvinnene inn. Denne er ikkje i bruk.
- Mennene gjekk inn på sørsida av kyrkja.
- På døra heng eit alenmål. Det er 70 cm.
- På høgre sida av inngangsdøra, i våpenhuset er det eit kyssekors.
- Kyrkja hadde opprinnelig 5 små, smale rundboga lysopningar.
- Dei små lysopningane vart etter kvart utvida, då salmebøkene kom og det trondst meir lys.
- Midt i skipet står «Kongen» som ber nesten heile vekta av tårnet.
- I mellomalderen var det ikkje benkar i kyrkja, berre ein benk langs veggane der eldre folk kunne sitje. Då var det og jordgolv.
- I kyrkja er det 7 vigslingskors.
- På austsida av dørropningen ved sørportalen i skipet er det teikna ein labyrinth, med inngangen øvst.



- Like ved labyrinthen står det Maria, namnet på helgenen som kyrkja er vigsla til.
- På nordveggen i skipet er det avdekka eit kalkmåleri, som forestiller eit særprega riddarvåpen. Det er dette som er våpenskjoldet til Vestre Slidre kommune no i dag.
- Det unike takmåleriet dekkar heile tønnekvelvet i koret.
- Døypefaten i døypefonten er av massing. Det er prega inn ein engel i døypefaten.
- På veggane i koret heng fleire måleri, m.a. bilde av sokneprest Spydeberg med både konene sine og ungane deira.
- Kyrkjekista bakast i skipet er kome til Slidredomen frå Mo kyrkje.
- Altaret er det viktigaste inventaret i alle kyrkjer.
- På altaret står 2 store og 2 litt mindre lysestakar.
- Altarkledet er einsfarga raudt med broderte kvite blomsiterrankar.
- Altartavlen reiser seg som ein portal over altaret og er kanskje inngangen til himmelen.
- På altartavla står INRI, over Jesus på krossen. Det er latin og tyder «Jesus frå Nasaret, kongen over jødane».
- Preikestolen har ikkje nokon figurar, men er dekt med og har utskorne og måla akantusutsmykking.
- På venstre side i koret står ein skriftestol.
- I tårnet i kyrkja heng 4 små klokker. Dei blir brukte på høgtidsdagar.
- I stupulen heng 2 store klokker som blir brukt på vanlege sundagar.
- Etter tradisjonen skal altaret vende mot aust.
- Det er berre presten som kan gå inn i altarringen.
- I eit mura gravkammer (ei gravkrypt) under altaret er det mange kister med balsamerte lik.
- På kyrkjegarden stod det heilt inn i vår tid ein gapestokk.
- Nokon av benkedørene er bevarte i kyrkja. Det står gardsnamn på dei.
- Sørøra i koret går inn til sakrestiet.
- På galleriet står orgelet.
- Den liturgiske fargen var no kvit, difor var det kvitt «klede» på lesepulten og på preikestolen.
- Når vi er i kyrkja, sit vi i skipet. Presten står i koret.
- Ola Døhl er sokneprest i Vestre Slidre.



TWEENCAMP 2016

Årets tweencamp blei arrangert 17.-19. juni. Tween camp har blitt ein årleg tradisjon, der Ola og Cecilie opnar opp prestegarden for alle 9-13 åringar i kommunen. Borna overnattar i lavvoar og telt, et felles måltid og deltar på ulike aktivitetar og samlingar. I år hadde dei blant anna idretts OL, pilgrimsvandring med ulike postar undervegs og kveldsgudsteneste i Slidredomen.

Det er mykje å førebu til ei slik helg, og allereie onsdag vart lavvoane sett opp. Regnvær store delar av fredagen gjorde ikkje så mykje, da temperaturen var veldig god. Søndagen, då alle som skulle begynne i 1.klasse til hausten var inviterte, var det strålande sol frå klår himmel - noko som gav ei flott ramme rundt ei spesiell og fin gudsteneste. Avslutningsvis sende alle born opp kvar sin fargerike ballong mot himmelen!

Med ungdomsleiarar og prestefamilien var det 47 som deltok på campen. Nokon foreldre gjekk nattevakt, medan fleire frå sokneråda var med og stelte til dei ulike måltida og laga til kyrkjekaffe.

Tusen takk for eit velorganisert og kjempeloft arrangement for ungane våre! Og ein særskild takk til Cecilie og Ola for at de er så gjestfrie og opnar opp heimen dykkar! Vi gler oss til neste år!



3 spørsmål til 3 deltagarar:

1. *Har du vore på Tweencampen før?*

Riss Marie Nakimana: Ja, tre gongar

Vilde Vik Hamre: Nei

Nils Sander Sørensen: Ja

2. *Kva likte du best her?*

Riss Marie: Å syng og danse, leirdansen

Vilde: Grillfesten

Nils Sander: Pilegrimsandringa

3. *Kjem du att neste år?*

Riss Marie: Ja

Vilde: Trur det!

Nils Sander: Ja!



Ordinasjon i Trysil kirke Jonsok,

24. juni kl.19.00

**Cand. Theol Geir Wiknes
vart ordinert til prest i Den norske kyrkje**

Denne kvelden vart kyrkja i Innbygda i Trysil fylt av tryslingar, valdrisar og mange andre tilreisande deltagarar. Vi som kom frå Valdres såg at det låg eit kristneteppe over altarringen, og det syntes vi var høveleg og fint.

Under inngangssalmen var det prosesjon av biskop, Geir, to av fadderane til Geir, prost, fleire prestar og andre som hadde arbeidet sitt i kyrkja i Trysil. Under sjølve ordinasjonen var det fire skriftlesingar. Ei av tekstene vart lese av Anne Tordis Myrvang, som var Geir sin fadder.

Biskop Solveig Fiske heldt ordinasjonstalen. Ho fortalte om Geir sine år fram til ordinasjonen, at Geir var døypt og konfirmert i Røn kyrkje. Som 19-åring hadde han teneste i kyrkja i Vestre Slidre. Han begynte å studere teologi som 21-åring, og han har vikariert som prest i mange kyrkjer. I preika si tok ho utgangspunkt i døyparen Johannes. Han var ikkje lyset, men kom for å vitne om lyset, eit lys som skin for menneska, eit vitne om Gud for menneska. Jesus såg til dei minste, dei som trengte han mest. Kyrkja er plassert midt mellom menneska, der menneska er. Til slutt ønskte ho Geir til lykke med dagen og sa: «Må di presteteneste bli fylt av LYS og NÅDE.»

Geir knelte så på Kristneteppet frå Valdres. Biskopen, prosten, begge fadderane til Geir og fleire frå kyrkja i Trysil la alle



ei hand på hovudent til Geir medan biskopen ba ei mektig bøn for den nye presten. Geir sin nye stola vart lagt på skuldrene hans av fadder Marit Blomlie og prost Sevat Lappegard. Stolaen var vakker, vevd av Marit Anny Tvene.

Geir gjekk så på prekestolen. Han takka for alle som hadde bore han med omtanke og godheit. Han understreka vidare at vi skal gje menneska håp. Gud er opphavet, lyset og livet. Gud gjer ikkje forskjell på folk, men det gjer menneska. Gud finn att bildet sitt sitt inne i menneska sine hjarte.

Gudstenesta vidare vart avslutta på vanleg måte med forbønn, nattverd og sending. Under gudstenesta var det flott musikk frå orgel, pauke, fløyte, lur og blåsarar frå Trysil Musikklag. Ei forsogargruppe leia salmesongen.

Ein ordinasjon er ei høgtideleg handling. Den har eit sterkt og vakkert rituale, og for oss som sat i kyrkjenkene var det ei stor oppleving, særleg for oss frå Vestre Slidre. Det er ikkje kvar dag at Ordinanden er frå Vestre Slidre, er oppvachsen i Rognsdokken, er døypt og konfirmert i Røn kyrkje og har gått på skule i Røn og Slidre.

Etter messa var det kyrkjekaffe. Det var mange talar og gåver til Geir under kaffen. Alle hadde gode ord om og til Geir. Han vart ønskt varmt velkommen som sokneprest i Trysil. Gode ønsker, tankar og bøner frå oss som fekk vera med på denne store dagen din, Geir!

Kari Røn



Med hjallande horn

Halleluja!
Lovsyng Gud i hans heilagdom!
Lov han i hans mektige himmelkvelv.

Lov han for hans storverk.
Lov han for hans store veld.

Lov han med gjallende horn!

SAL 150,1-3

Heilt sidan gamaltestamentleg tid har hornmusikken vore ein viktig del av tilbedinga. I Salmane finn vi tallause referansar til instrument, både blåseinstrument og andre. Musikken har alltid vore ein del av tilbedinga, menneska sender ein del av skaparverket attende til Skaparen. Som Martin Luther skriv: «Erfaringa viser at nest etter Guds ord er det berre musikken som fortener å bli lovprist som den som kan åpne og beherske følelsane hjå mennesket. Det var ikkje utan grunn at fedrane og profetane våre ynskte at musikken stadig skulle verte nytta i kyrkjene.»

I Eikanger og Bjørsvik, om lag fire mil nord for Bergen, held noko av det ypperste innan norsk musikkliv til. Sidan dei to korpsa slo seg saman i 1971, har dei ikkje sett seg tilbake. Etter ti år vann dei NM for Brass Band for fyrste gong i 1981, og etter det har dei vorte noregsmeistrar femten gonger og også europameistrar to gonger.

Det var med andre ord storfint besøk Røn musikklag hadde invitert austover i helga 22.-24. april. Styret i musikklaget ynskte å få til noko spennande og motiverande, og via kontaktane til dirigent Helleren fekk dei avtale med vestlendingane om ei samansett helg i Vestre Slidre. Eikanger-Bjørsvik er opptekne av å arbeide med rekruttering til korpsrørsla, og laurdagen bar preg av dette. Skulekorps frå Vågå, Otta, Fagernes, Vang og Vestre Slidre deltok på seminar saman med Røn musikklag og Eikanger-Bjørsvik. Ungane var delte i fleire grupper og hadde musikarane i Eikanger som instruktørar medan Røn musikk-



Jan Erik Helleren fekk glede av å dirigere Centennial Celebrations av Trevor Ford med gjestane frå Vestlandet.

lag hadde sitt eige seminar leia av vestlendingane sin sjefsdirigent, Reid Gilje. På ein fullsett showkonsert på laurdag kveld framførte dei det dei hadde øvd inn, saman med Eikanger-Bjørsvik.

På sundag hadde Eikanger-Bjørsvik solokonsert i Slidredomen. Korpset starta konserten med ein *Intrada*, ei fanfare over salmen *Vår Gud, han er så fast ei borg*, komponert av den tidlegare dirigenten deira, Ray Farr, som og dirigerte sist Eikanger-Bjørsvik besøkte Slidredomen, midt på 90-talet. Lyden fylte kyrkjerommet på ein måte eg som organist berre kan drøyme om. Slidredomen var *lyd*, berre lyd, og berre *vellyd*. Konserten varierte frå det rolege, som Eric Balls *September Fantasy* og Leon Böellmanns *Priere a Notre Dame* til det virtouse og imponerende i det avsluttande *Paganini Variations* av Philip Wilby. Eikanger-Bjørsvik fekk vist fram at dei beherskar alle musikalske aspekt. Her var det rytmiske og fanfareaktige, det mjuke og vare og dei dynamiske spenna. Det var klangar der ein ikkje kunne skjelne dei ulike instrumenta frå kvarandre, og det var passasjer der kvar einskild fekk briljere på eiga hand.

For alle tilhøyrarane frå Røn musikklag var det nok eksstra artig å høre verket *Centennial celebration* av Trevor Ford. Ford er æresmedlem i Røn, og han komponerte dette stykket til korpset sitt 100-årsjubileum i 2011. Stykket vekslar, frå vakre melodiliner til taktfast marsj før det blir avslutta med ein fugert avslutning. Dette stykket vart dirigert av bygdas eigen dirigent, Jan Erik Helleren, som ein del av hans dirigentutdanning. Resten av konserten vart leia av Eikanger-Bjørsvik sin hovuddirigent, Reid Gilje.

Etter ein slik konsert sit eg att med fleire tankar. For det første er eg imponert over den innsatsen som blir lagt ned for å få til ei slik helg. For det andre er eg takknemleg for at kyrkjerommet kan brukast til å framføre musikk og eg får lyst til å sitere Martin Luther ein gong til: «Eg ynskjer i sanning at alle kristne skulle elske ogære musikkens vidunderlege gâve, som er ein verdig og kosteleg skatt som Gud har gjeve til menneska.»



Hovuddirigent Reid Gilje presenterer hovudstykket i konserten, Paganini Variations.

Framande i Vestre Slidre?

15, 54, 140,

Tal.

Kwart einaste av desse tala representerer eit medmenneske som du ganske sikkert ikkje kjenner. Ikkje enno.

15:

Talet på flyktningar som kjem til kommunen i løpet av våren, og som skal bu og leve saman med oss dei nærmaste åra. To flotte familiar frå Syria som har vore nøydde til å flykte frå krigen i heimlandet, fire vaksne og seks born. Fire staute eritrearar som har vore nøydde til å forlate landet sitt fordi dei ikkje vil bere våpen for diktaturstyret der. Dei skal alle gå på skulen for å lære seg norsk, og for å lære seg norsk levesett. Ein dag i veka skal dei ut i arbeidslivet for å kjenne korleis det er å leve og bu i Vestre Slidre. Vil naboen helse på meg? Treng han hjelp til noko? Tør eg spørja?

Kanskje er borna heldigare enn foreldra sine og dei andre vaksne. Dei får gå på skule med andre Slidre-born og bli kjende med dei. Kanskje er dei så heldige at dei kjenner att eit norsk fjes når dei handlar i butikken. Ein skremmande tanke... å berre omgje seg med framande menneske. Men trass alt – betre enn å vente på dei neste åtaka frå dei skremmende soldatane der heime, eller å frykte at det er militærpolitiet – og ikkje ein ven eller slekting som bankar på døra neste gong.


54:

I meir enn eit halvt år har dei budd der no, på Lundeskogen, i kvart sitt rom, med kvart sitt kjøleskåp og kvar si seng. Mottaks-pappa Jan Aage er streng, men rettvis. Og mange av dei andre som arbeider der er norske. For Jafaar (16) er skuledagen over. Han lært noko nytt i dag ogso. Når dei norske seier «å hjelpe», skal ein berre starte ordet med «j», og ikkje «h».

Onkel Fahrad har lovd å ringe i ettermiddag. Kanskje har han noko nytt å fortelje frå Afghanistan. Jafaar hadde ikkje råd til å kjøpe seg nytt telefonkort denne veka. Han valde å kjøpe ein stor påse med ris i staden for. Så han kan ikkje ringe frå Røn.

I kveld kjem refugee-damene. Det er alltid hyggjeleg. Og i går var nokre jenter og gutter frå den vidaregåande skulen her. Dei ville han gjerne blitt betre kjend med. Men det vil dei andre 53 gutane ogso. Jafaar liker ikkje å stikke seg fram.

Ein av dei norske gutane spurde om han hadde fått svar frå UDI. Han hadde berre rista på hovudet. Jafaar trur at han forsto at han vart lei seg av spørsmålet. Det hadde vore så fint å bli kjend med ein norsk ungdom. Men bortsett frå dei han kjenner på mottaket og lærarane på skulen, er det visst berre framande som bur her. Og nokre har snakka om at han kanskje må flytte til eit nytt mottak når sommaren kjem.



REFUGEES WELCOME

140:

I juni kjem kanskje eit nytt asylmottak på Fosheim. Det kan ha plass til 170 bebuarar. Nokre skal bu der lenge, andre berre nokre månader. Menneske som skal vente. Og håpe. Er det søknaden til meg og familien min som er den neste i bunken til UDI, tru?

Ibuarane i vestre Slidre er godt vande med å ha asylsøkjarar rundt seg. Å leve med desse menneska er ikkje framand for oss. Men – har vi nokon gong gjort eit ærleg forsøk på å *kjenne* nokre av dei? Dei som bur på asylmottaka føler som oftast at «oss» er dei som til ei kvar tid finn seg i nærleiken. For dei som har reist heilt frå Syria, Afghanistan eller Iran er det rart å tenkje at avstanden til menneska som bur i husa i Røn, Slidre og Lomen er for stor til å kunne bli kjende med dei...

Venleg helsing

Introduksjonssenteret i Vestre Slidre

2180

Talet på innbyggjarar i Vestre Slidre.

188.000

Menneske med flyktningebakgrunn i Noreg
(Målt i 2015)

5.208.000

Talet på innbyggjarar i Noreg. (Målt i 2015)

43.200.000

Talet på flyktningar i verda (Målt i 2010)

Dessverre måtte gutane på Lundeskogen flytte ut i sommar, men dei andre flyktningane er her, og dei må vi ta godt vare på, saman med dei som eventuelt vil kome.

Røn Læringscenter husar både skule og flyktningestat og Torill Trøen er leiar.

Ho seier at integrering vil vere eit tydelegare satsingsområde framover, og dei håper å bli litt meir synlege etter kvart som dei får budd seg til på det som før var Røn Skule.

MESSELISTE/KONSERTAR

frå 14.8.16 til 1.1.17

Dato	Dag	Stad	Tid	Teneste	Takkoffer
14.08.16	13.s.i treeiningstida	Kvitsyn (Slidre og Røn)	11.00	Høgmesse	Ola Døhl Erik Rostbøll
15.08.16	Måndag (Maria-dag)	Slidredomen	19.30	Vesper	Sokneprest Ola Døhl
28.08.16	15.s.i treeiningstida	Slidredomen	11.00	Høgmesse Gullkonfirmantar	Prest Dag Buhaug Barne og ungdomsarbeid
04.09.16	16.s.i treeiningstida	Lomen stavkyrkje	11.00	Høgmesse med dåp	Sokneprest Ola Døhl Soknerådsarbeid
08.09.16	Torsdag Mariadag	Slidredomen	19.30	Vesper	Sokneprest Ola Døhl
18.09.16	18.s. i treeiningstida	Røn	11.00	Høgmesse Konfirmantpresentasjon	Sokneprest Ola Døhl Konfirmantarbeid
25.09.16	19.s.i treeiningstida	Rogndokken (Røn sokn)	11.00	Høgmesse	Sokneprest Ola Døhl Soknerådsarbeid
25.09.16	19.s. i Treeiningstida	Slidredomen	19.30	Kveldsmesse	Sokneprest Ola Døhl Soknerådsarbeid
01.10.16	Laurdag	Slidre	19.00	Kveldsbøn Tweencamp-helg	Sokneprest Ola Døhl
02.10.16	20.s. i treeiningstida	Slidredomen	12.00	Høgmesse med dåp	Sokneprest Ola Døhl Tweencamp. Festmesse
04.10.16	Tysdag	Kvitsyn	19.30	Vesper	
09.10.16	Hausstakkefest	Røn kyrkje	11.00	Familiemesse. 4-årsbok.	Prestevikar Terje Eklund Søndagsskulen i Røn
16.10.16	Hausstakkefest	Lomen kyrkje	11.00	Familiemesse. 6-årsbok.	Prestevikar Terje Eklund Barne og ungdomsarbeid
30.10.16	Bots- og bededag	Lomen kyrkje	11.00	Høgmesse	Prestevikar Terje Eklund
30.10.16	Bots- og bededag	Øyjar kapell	19.30	Kveldsmesse	Prestevikar Terje Eklund
05.11.16	Laurdag	Lomen kyrkje	13.00	Meditasjonskonsert	Are Alund
05.11.16	Laurdag	Slidredomen	14.30	Meditasjonskonsert	Are Alund
05.11.16	Laurdag	Røn kyrkje	16.00	Meditasjonskonsert	Are Alund
06.11.16	Allehelgensdag	Slidredomen	11.00	Høgmesse	Prestevikar Terje Eklund
20.11.16	Lomen kyrkje	Domssøndag/ Kristi kongedag	11.00	Høgmesse	Prestevikar Terje Eklund
27.11.16	Røn kyrkje	1.s.i advent	11.00	Høgmesse	Prestevikar Terje Eklund Kirkens SOS
27.11.16	Slidredomen	1.s.i advent	19.30	Konsert.	Røn musikklag og Vestre Slidre sanglag og Sør-Aurdalkoret
04.12.16	Slidredomen	2.s.i advent	19.30	Taizèe-messe. Konfirmantane	Prestevikar Terje Eklund
11.12.16	Røn kyrkje	3.s.i advent	11.00	Høgmesse	Prestevikar Terje Eklund
11.12.16	Lomen kyrkje	3.s.i advent	19.30	Kveldsmesse	Prestevikar Terje Eklund

Dato	Dag	Stad	Tid	Teneste	Takkoffer
15.12.16	Lomen kyrkje	Torsdag	18.00	Vi syng og spelar jula inn	Vestre Slidre skulekorps med solistar
16.12.16	Slidredomen	Fredag	09.00	Skulegudsteneste 1	Prestevikar Terje Eklund
16.12.16	Slidredomen	Fredag	10.00	Skulegudsteneste 2	Prestevikar Terje Eklund
24.12.16	Lomen kyrkje	Julaftan	14.00	Familiegudsteneste	Prestevikar Terje Eklund
24.12.16	Slidredomen	Julaftan	15.00	Familiegudsteneste	Prestevikar Terje Eklund
24.12.16	Røn kyrkje	Julaftan	16.00	Familiegudsteneste	Prestevikar Terje Eklund
25.12.16	Slidredomen	1.juledag	11.00	Høgtidsmesse	Prestevikar Terje Eklund
26.12.16	V.S.sjukeheim	2.juledag	11.00	Høgtidsmesse på sjukeheimen	Prestevikar Terje Eklund
01.01.17	Øyjar kapell	1.nyårsdag	11.00	Nyårsmesse	Prestevikar Terje Eklund

Vi tek atterhald om endringar i messelista. Sjå «Det skjer» i avisa Valdres.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

mars – juli

Døypte

Slidre sokn:

- 13.03.2016 Antonia Daniela Istrate
- 27.03.2016 Nelia Haugrud
- 15.05.2016 Even Finsveen
- 15.05.2016 Lone Myrvang
- 19.06.2016 Jacob Storli Stee
- 19.06.2016 Liam Remst
- 19.06.2016 Aurora Løding Tilden
- 31.07.2016 Ingrid Moe Westgård (Mo kyrkjeruin)

Vigde

Slidre sokn:

- 10.06.2016 Anne Synnøve Elvetun og Jan Bengt Herman Ryde.

Jordfesta

Slidre sokn:

- 03.05.2016 Nils L. Dokken f.1922
- 13.05.2016 Olav Høyvik f.1929
- 03.06.2016 Ingrid Tvenge f.1925

Lomen sokn:

- 11.03.2016 Ingebjørg Lome f.1921
- 18.03.2016 Ola Rudi f.1957
- 05.04.2016 Else Stee Bergli f.1920
- 27.05.2016 Georg Garvik f.1928
- 19.07.2016 Sigrid Haugen f.1923
- 08.03.2016 Grethe Bekkevold f.1956
- 22.07.2016 Jørgen Greel Wangensten f.1922
- 29.07.2016 Endre Rogn Fystro f.1917

Røn sokn:

Hvorfor Gud skapte mennesket

Gud hadde skapt verden og alt som finnes – fra den minste orm i støvet til skapningens krone, mennesket.

Alt dette så englene og undret seg over det. Især var det en ting de umulig kunne skjonne: Hvorfor Gud hadde skapt mennesket.

De både grunnet og gransket, men det var og ble en gåte. De syntes kanskje at når Gud hadde hele himlen full av engler, behøvde han ikke menneskene nede på jorden. Dette talte de om, og til slutt ble de enige om å spørre Gud selv. En av de minste tok mot til seg, trådte frem for Herrens trone og spurte: «Himmelske far, se du har huset fullt av

store og små engler. Hvorfor skapte du da mennesket?»

Da Gud Fader hadde hørt spørsmålet, ropte han: «Forsamle Eder, alle himmelens hærskarer!» Derpå bøyde han seg ned mot jorden og plukket en rose som nettopp hadde åpnet seg mot solen.

«Se her,» sa han, «hvem kan si meg hva jeg holder i min hånd?» Men ingen av de utallige engler kunne svare, for de visste ikke hva det var. Atter hevet Gudfader røsten og sa: «Derfor skapte jeg mennesket for at det i verden må finnes en skapning som vet hva Gudfader har skapt.»

Etter DAN LINDHOLM

*Eg opnar vindauget
om morgenon
og spør treet på andre sida av vegen:
Kva nytt er det i dag?
Treet på andre sida av vegen
opnar lauvet sitt mot meg
og seier:
ALT*

FRANSK POET

SEKSKANTEN
KRO OG PUB - ved Vasetvatnet

 Slidre bygg & prosjektering a.s.

 **Vestre Slidre El-installasjon A/S**

 Hande' Rakaure
2960 Røn Tlf. 613 43 141